



Fakulteta
Studentparlamentet ved UiB

Dato
03.09.2025

Referanse
2022/162

Endringar i UiBs studieforskrift - 2025

Bakgrunn

- [Universitets- og høgskulelova](#)
- [Styresak 55/23 Forskrift om studium ved Universitetet i Bergen](#)
- [Styresak 50/24 Justeringar i studieforskrifta](#)
- [Utdanningsutvalets sak 12/25 Karakterfastsetjing ved eksamen som har fleire delar](#)
- [Utdanningsutvalets sak 28/25 Revisjon av studieforskrifta](#)

[Forskrift om studium ved Universitetet i Bergen](#) blei vedtatt av universitetsstyret i juni 2023, og revidert i styremøte i juni 2024. Forskrifta regulerer UiB-studentane sine rettar og plikter overfor universitetet, og ei rekke andre forhold på studiefeltet. Hovudføremåla med den nye studieforskrifta var å sikre fagleg tilsette mest mogleg fridom innanfor ramma av universitets- og høgskulelova, og å gjere regelverket lettare å forstå og navigere for studentar og tilsette ved universitetet. Den nye studieforskrifta treddi i kraft 1. januar 2024.

Forslaga til justeringar som blir legne fram i dette dokumentet gjeld både presiseringar av det noverande regelverket, og forslag til substansielle endringar. Vi viser til vurderingane som følger kvart forslag. Forslag om å fjerne forskriftstekst er markert med gjennomstreking, og forslag til ny forskriftstekst er markert i **feit skrift**, med unntak for **forslaget om fusk og om klausulering som i heilskap er nye**.

Rekkefølga på endringsforslaga følger studieforskrifta sitt system. Kursiverte punkt er presiseringar eller mindre justeringar:

- a) Tap av studierett ved nytt opptak (§ 4-5)
- b) Justerande munnleg eksamen (§ 7-2)
- c) Regulering av «fusk» (§ 7-9)
- d) *Presisering av retten til kontinuasjonseksamen (§ 8-4)*
- e) Eksamen med delar – emnekarakter basert på poeng (§ 9-3)
- f) *Vedtaking av utsett sensurfrist (§ 9-5)*
- g) *Frist for karaktergrunningiving (§ 9-6)*
- h) Gjenbruk av studiepoeng i ny grad (§ 10-2)
- i) *Klausulering av masteroppgåver (§ 10-4)*

Saka om forskriftsendringar skal etter planen opp att til drøfting i utdanningsutvalet til UiB 23. oktober, og vedtakast av universitetsstyret 27. November. Vi ber derfor om innspel til endringsforslaga innan 8. oktober 2025.

Postadresse
Universitetet i Bergen
Studieavdelinga
Postboks 7800
N-5020 BERGEN

E-post:
post@uib.no

Organisasjonsnummer
874 789 542

Saksbehandlar
Knut Knapskog
Telefon: 55589514
Mobil:
E-post: Knut.Knapskog@uib.no

Tap av studierett ved nytt opptak (§ 4-5)

Studentar har som utgangspunkt rett til å følge undervising, få rettleiing, ta eksamen (mv.) på dei studia dei er tekne opp til, sjå studieforskrifta § 4-2. Studenten kan miste studieretten på dei vilkår som er lista opp i § 4-5. I nokre tilfelle er bakgrunnen for tap av studieretten knytt formelle forhold, slik som semesterregistrering, manglande oppfølging av utdanningsplan eller fullført studium. I andre tilfelle er tap av studieretten knytt til manglande progresjon og tilgrensande forhold, som at studenten har tatt maksimalt tal eksamensforsøk utan bestått karakter.

Tap av studierett er delvis heimla i reglane om avgrensingar i retten til eksamen etter universitets- og høgskulelova § 11-4, og delvis i § 11-1 om studieplan som i andre avsnitt lyd: «Institusjonene kan gi forskrift om studentenes progresjon som vilkår for studierett».

Samstundes har studieforskrifta ein regel som ikkje fell direkte under nokon av desse grunnlaga, i § 4-5 første avsnitt bokstav d, som lyd slik:

«Fakultetet kan trekke tilbake studieretten dersom studenten (...) får opptak til eit anna studieprogram ved UiB, og det ikkje er gode faglege grunnar til at fleire studierettar finst parallelt.»

For mange studieprogram vil det vere svært vanskeleg å følge to studieprogram samstundes. Dette gjeld særleg for studium med innslag av praksis eller andre langvarige obligatoriske undervisningsaktivitetar, som også er studieprogramma som er dyrast for UiB å drifte. Vi reknar dessutan med at regelen bidrar til større grad av fullføring av studium på normert tid, fordi det uansett vil vere svært krevjande å fullføre 120 studiepoeng per år. I denne forstand er regelen knytt til progresjon.

Motargumentet er at regelen føregrip ein progresjonsproblematikk, og dette har ein mindre klar heimel enn for dei øvrige forholda i § 4-5 første avsnitt. Uavhengig av spørsmålet om heimel så reiser føreseigna spørsmål om likehandsaming mellom fakulteta, der ein nokre stader verkar å tillate slike parallelle studierettar og andre stader ikkje. For parallelle studierettar som delvis er utanfor UiB, til dømes éin ved UiB og éin ved HVL, så regulerer ein ikkje spørsmålet i det heile, sjølv om problemstillinga i botn er identisk.

Etter vårt syn bør ein derfor stryke § 4-5 første avsnitt bokstav d. Konsekvensen blir at UiB handsamar studentane likt på tvers av fakulteta, og at det blir eit arbeid for studiekonsulentane å gjere studentane merksame på potensiell og framtidig problematikk knytt til studieprogresjon. Føreseigna vil i så fall sjå slik ut:

§ 4-5. Tap av studierett

(1) Fakultetet kan trekke tilbake studieretten dersom studenten:

- a. ikkje oppfyller krava etter § 4-3 (2) eller § 4-4,
- b. ikkje bidrar til å fastsetje utdanningsplan i samsvar med § 4-6 (4),
- c. gir melding om at hen ønsker å avslutte studiet,
- d. ~~får opptak til eit anna studieprogram ved UiB, og det ikkje er gode faglege grunnar til at fleire studierettar finst parallelt,~~
- d. ikkje består noko studiepoenggivande emne i to semester på rad,
- e. på slutten av studieåret har eit etterslep på meir enn halvparten av normert progresjon for studieprogrammet,

- f. har gjort maksimalt tal eksamensforsøk i obligatoriske emne utan bestått resultat eller
- g. har fullført studieprogrammet eller emnet som opptaket gjeld.

(2) Vedtak etter bokstavane **e** og **f** **d og e** i første avsnitt skal ta omsyn til innvilga permisjonar, pausar, deltidsstudium og gyldig fråvær til eksamen eller obligatoriske aktivitetar, og vedtak om utestenging. Fakultetet kan alltid trekke tilbake studieretten for studentar som ikkje har produsert studiepoeng dei siste seks semestera, med mindre studenten har hatt permisjon i heile perioden, jf. § 5-2.

Justerande munnleg eksamen (§ 7-2)

Justerande munnleg eksamen er ei eksamensform der studenten leverer eit arbeid som får ein førebels karakter. Studenten skal deretter gjennomføre ein munnleg eksaminasjon, som i hovudsak gjeld innhaldet i det innleverte arbeidet. Den justerande munnlege eksamenen kan i dag berre føre til at den førebelse karakteren blir justert med éin karakter, sjå [§ 7-2 fjerde avsnitt](#).

Bakgrunnen for regelen er truleg at hovudtyngda i sensuren er meint å vere på det skriftlege arbeidet. Alle eksamenar kan i utgangspunktet ha ein justerande munnleg eksamen, men eksamensforma er vanlegast på masterprosjekt. Utdanningsutvalet har tilrådd større grad av fagleg fridom ved at karakteren kan justerast med meir enn ein karakter.

Bakgrunnen for forslaget er erfaringar med eksamensforma. Den munnlege eksamenen kan oppklare eller avdekke eigenskapar ved det skriftlege arbeidet som tilseier at karakteren bør justerast med meir enn ein karakter. Dagens regel kan derfor hindre at studenten får den karakteren som sensorane meiner er den riktige.

Universitets- og høgskulelova § 11-11 fjerde avsnitt inneheld ein særregel for klagesensuren for eksamensforma. Dersom karakteren på det skriftlege arbeidet blir endra av klagesensorane så «skal» UiB halde ny (justerande) munnleg eksamen. Dersom karakteren på det skriftlege arbeidet blir vurdert likt i klagesensuren så blir den opphavlege karakteren ståande, inkludert ei eventuell justering. Det er ikkje høve til å klage på karakterfastsetjinga på den justerande munnlege eksamenen, fordi den ikkje er etterprøvbar.

Dersom dagens avgrensing på kor mykje studenten kan justerast blir endra, så kan utslaga av regelen verke vilkårlege. Eit døme er ein student som får karakteren A og blir justert til D. Dersom klagekommisjonen kjem til ein karakter mellom B og E på det skriftlege arbeidet så vil studenten få ny munnleg eksaminasjon, men om hen får karakteren A på ny, så vil den justerte karakteren bli ståande, altså D. Vi reknar med at det vanlege, også etter ei regelendring, vil vere uendra karakter eller ei justering med éin karakter og at det berre unntaksvis vil vere justeringar på fleire karakterar. Vi ber likevel om innspel på om denne situasjonen bør regulerast, til dømes ved at fakultetet likevel kan kalle inn studentar til ny justerande munnleg eksaminasjon dersom spennet mellom den førebelse og justerte karakteren er stor. Ei slik regulering kan sjå slik ut:

«Dersom det mellom den endelege karakteren i emnet og den førebelse karakteren i klagerunden er eit spenn på to karakterar eller meir, skal fakultetet kalle studenten inn til ny justerande munnleg eksamen.»

Det er også lagt til ei presisering om at det er studentar som har fått ein *bestått* førebels karakter som blir kalla inn på justerande munnleg eksamen.

Forslaget er at studieforskrifta § 7-2 fjerde avsnitt skal lyde:

(4) Alle eksamensarbeid kan supplerast med ein justerande munnleg, praktisk, utøvande og/eller skapande eksamen for alle eller eit utval av studentane. Justerande eksamen inneber at studenten blir prøvd etter at ein **bestått** førebels karakter er sett, med høve til å bli justert opp eller ned i ~~med~~ ~~ein~~ karakter.

Regulering av «fusk» (§ 7-9)

Universitets- og høgskulelova regulerer fusk på eit svært overordna nivå, og i dag finst det ikkje noka regulering som er felles for UiB. UiB har imidlertid ei fellesside til informasjon og rettleiing i slike spørsmål ([Reielegheit og fusk | UiB](#)). Departementet har lagt til grunn at institusjonane i større grad må samarbeide om ei felles forståing av fusk og UHR utarbeidde nyleg [Veiledende retningslinjer om fusk](#).

Hovudføremålet med å gi ein nærare definisjon av fusk i UiB-regelverket er å sikre rettstryggleiken til studentane og å gi dei rettleiing.

Det finst fleire alternativ for reguleringa, og institusjonane har trass i arbeidet til UHR valt forskjellige tilnærmingar. Enkelte institusjonar listar opp forhold som *skal reknast som fusk* eller tilsvarende formuleringar. Eit døme på dette er i studieforskrifta til Nord universitet, der eit kvart brot på eksamensreglementet og alle tilfelle av manglande tilvising er fusk, sjå deira studieforskrift [§ 9-1 femte avsnitt](#). Fordelen med å definere fusk på denne måten er regelen er svært enkelt å bruke i sakshandsaminga, og enkel å forstå for studentane.

I slike tilfelle vil eit regelbrot som er lista opp berre falle utanfor fuskeomgrepet om det er openbart at brotet ikkje kan gi ein fordel. I juridisk terminologi blir dette omtala som ein rettsstridsreservasjon, og den er slått fast av Høgsterett. Døme kan vere ein «jukselapp» som viser seg å vere ei handeliste, eller utagerande oppførsel under eksamen. I forslaget til ny forskrift (under) blir det vist til rettsstridsreservasjonen i andre avsnitt.

UiB sitt utgangspunkt er at ei slik tilnærming er for skjematisk og absolutt, fordi ho ikkje tar høgde for at det i grensetilfella bør vere innslag av fagleg skjønn. Vi legg til grunn at eit regelbrot i seg sjølv ikkje er nok for å vere fusk, men at brotet må overstige ein terskel som er av fagleg karakter. Reguleringa av fusk bør derfor reflektere dette omsynet, ved at brot på akademiske forventingar (eller liknande) er ein del av definisjonen av fusk.

Vilkåret om brot på akademiske forventingar er meint å tvinge fram ei vurdering frå fagleg hald om grensegangen mellom tilfelle som kan handterast gjennom dårlegare karakter og rettleiing, på den eine sida, og fuskesaker på den andre. Om ein går noko tid tilbake har praksisen til den nasjonale Felles klagenemnd for studentklagesaker blitt kritisert. Fagleg tilsette ved UiB og andre institusjonar har peika på at handlingar som dei ikkje kjenner att som fagleg kritikkverdige eller som dei reknar som bagatellar, har ført til utestenging i opp til to semester.

Det har også vore merksemd på framveksten av generativ kunstig intelligens i forhold til fusk. I denne samanhengen er det ikkje nødvendigvis hensiktsmessig å omtale slike verktøy særskilt, og dei kan handsamast likt som andre hjelpemiddel eller kjelder. Dette inneber at bruken må regulerast nærare fagmiljøa (fakulteta sine eksamensreglement, i emneskildringa eller i oppgåveteksten).

Det kan også nemnast at erfaringa frå sektoren er at bruk av KI-verktøy er vanskeleg å avdekke, og at det ofte dreier seg om påfallande variasjon i skrivestil, uvanleg fagterminologi eller falske («hallusinerte») kjelder som gir grunnlag for å vurdere om forholdet er fusk. Dersom studenten bruker KI-verktøy gjennomgåande og i nokon grad er kritisk til den genererte teksten og omarbeider han, så vil bruken vere skjult for UiB. Dette kan tyde på at det er tvilsamt om utfordringane knytt til KI-verktøy best kan handterast gjennom ei føresegn om fusk, eller om ein heller bør fokusere på andre tiltak.

Vi foreslår derfor dette forslaget til ny føresegn, og ber om innspel til kva som bør nemnast eksplisitt i tredje avsnitt:

§ 7-9 Fusk

(1) Studenten fuskar dersom hen på eksamen eller ein obligatorisk undervisningsaktivitet forsettleg eller grovt aktlaust bryt:

- a) reglane for gjennomføringa av aktiviteten eller eksamenen, og
- b) med akademiske forventingar

(2) Handlingar som openbart ikkje er eigna til å gi studenten nokon fordel skal ikkje reknast som fusk.

(3) Reglane for gjennomføring, i første avsnitt, kan mellom anna vere:

- a) manglande tilvisingar
- b) ikkje tillate samarbeid, hjelparar eller hjelpemiddel,
- c) jukselappar og liknande,
- d) handlingar som verkar inn på sensor eller fagperson si sensurering eller vurdering
- e) (...)

Presisering av retten til kontinuasjonseksamen (§ 8-4)

Studieforskrifta innebar ei styrking av studenten sine rettar ved gyldig fråvær til eksamen, i § 5-6 andre og tredje avsnitt:

(2) Studentar med gyldig fråvær frå førre vanlege eksamen i eit emne har rett til ny eksamen (kontinuasjonseksamen). Kontinuasjonseksamen skal haldast så tidleg som råd og har som føremål at studenten kan oppretthalde studieprogresjonen trass i sjukdom mv.

(3) Kontinuasjonseksamen kan innebere utsett leveringsfrist, ny eksamensdato og andre tiltak som sikrar føremålet.

Samanlikna med tidlegare forskrift inneber føresegna ei utviding av retten til kontinuasjonseksamen, omtala som i tidlegare forskrift, fordi retten i den nye forskrifta er knytt til alle eksamensformer og ikkje berre avsluttande skuleeksamen. Dette kan ein sjå ut frå understrekinga av føremålet om å oppretthalde progresjon i andre avsnitt, og at utsett leveringsfrist er ei aktuell form for kontinuasjonseksamen, sjå tredje avsnitt.

Tilgangen til kontinuasjonseksamen blir nærare regulert i § 8-4 første avsnitt, som lyd:

(1) Når det blir haldt kontinuasjonseksamen for studentar med gyldig fråvær, jf. § 5-6 (2), kan alle studentar med avbrot eller ikkje bestått resultat frå førre vanlege eksamen melde seg opp. Fakultetet kan avgrense retten til å gjelde dei utan bestått resultat i emnet, og også gi andre studentar høve til å melde seg til kontinuasjonseksamen.

Bakgrunnen for reguleringa i § 8-4 er at når UiB uansett har plikt til å organisere ein ny eksamen i eit emne, så vil det vere naturleg at også studentar utan teljande resultat i emnet kan melde seg til den. I nokon grad vil dette auke kostnadene til universitetet, men her har omsynet til studentane gått framføre, for å hindre at vedkomande blir forseinka i studia sine.

Utfordringa med desse føresegnene sett i samanheng, er at ein i § 5-6 har ei brei forståing av kontinuasjonseksamen medan ein i § 8-4 har meint å halde på ei snevrare forståing. Dersom éin student får utsett innleveringsfrist på grunn av til dømes sjukdom, så har det ikkje vore meininga at fristen også skal gjelde for ein annan student, som ikkje har levert innanfor fristen (avbrot).

At føresegna ikkje var meint slik følger av at studentar med avbrot og ikkje bestått har rett til å «melde seg» til kontinuasjonseksamen, og det vil det ikkje vere høve til ved ein forlenga innleveringsfrist. Vi meiner likevel at dette er ei for uklar og indirekte regulering av spørsmålet, og har også fått innspel om at føresegna er forvirrande. Vi ønsker derfor denne presiseringa i § 8-4 første avsnitt:

(1) Når det blir haldt kontinuasjonseksamen **som inneber ny eksamensoppgåve** for studentar med gyldig fråvær, jf. § 5-6 (2), kan alle studentar med avbrot eller ikkje bestått resultat frå førre vanlege eksamen melde seg opp. Fakultetet kan avgrense retten til å gjelde dei utan bestått resultat i emnet, og også gi andre studentar høve til å melde seg til kontinuasjonseksamen.

Eksamen med delar – emnekarakter basert på poeng (§ 9-3)

Føremålet med UiB si regulering av eksamen og sensur er at fagmiljøa får mest mogleg fagleg fridom som lov og sentrale forskrifter tillèt. Studieavdelinga har fått tilbakemelding om at ordninga for eksamensformer, inkludert samanhengen mellom eksamensformer og karaktersetjinga, ikkje svarer til fagmiljøa sine behov. Utdanningsutvalet har drøfta dette forslaget og tilrådd vedtaking.

I grove trekk går behovet ut på at ein ønsker vurdering undervegs av pedagogiske grunnar, ein ønsker munnlege element i vurderinga av faglege grunnar (inkludert framveksten av generativ kunstig intelligens), og ein ønsker at studentane sin rettstryggleik i form av retten til å klage på karakteren i størst mogleg grad blir varetatt.

Mappevurdering er eksamensforma som i størst grad svarer ut desse behova for fagmiljøa. Samstundes kan det verke kunstig å bruke mappevurdering som eksamensform i tilfelle der det reelt er tale om prøvingssituasjonar som er heilt skilde frå kvarandre. Mappevurdering med munnlege element avskjer dessutan klageretten til studentane, fordi karaktervedtaket blir gjort på bakgrunn av alle dei aktuelle arbeida i mappa og eksamenen blir ikkje-etterprøvbar, sjå [universitets- og høgskulelova § 11-10 fjerde avsnitt](#).

Deleksamen er ei eksamensform der det finst fleire karaktervedtak som deretter fører til ein karakter på emnenivå. Fordelen med deleksamen i denne samanhengen er at ein skil klart mellom dei forskjellige prøvingssituasjonane, og at klageretten til studentane framleis gjeld for dei deleksamenane som ikkje er munnlege eller på andre måtar ikkje er etterprøvbare.

Etter UiB si studieforskrift skal den endelege karakteren for deleksamenar vere eit reknestykke der karakteren og vektinga av dei forskjellige deleksamenane er fullstendig avgjerande for den endelege karakteren i emnet, sjå [studieforskrifta § 9-3](#) . Med andre ord så vil to studentar få same karakter i emnet, dersom dei har fått same karakterar på eksamensdelane. Grunngivinga for dette er hovudsakleg at det ikkje skal verke tilfeldig eller skjult for studentane kva den endelege karakteren baserer seg på.

Utfordringa for fagmiljøa er at karakterskalaen (A til F) er for grov og at den endelege karakteren derfor ikkje alltid speglar nivået til studenten. Dette gjeld særleg for karakteren C, som spanner høvesvis breitt. Vi ønsker derfor å opne for ein alternativ måte å kome fram til den endelege karakteren i emne med deleksamen.

Alternativet går ut på at karakteren er basert på ein samla poengsum for alle deleksamenar. Fordelane med ei slik endring er:

- Dei prøvingssituasjonane som faktisk er skilde kan handsamast skild i sensuren
- Ein kan inkludere munnlege og andre element som ikkje er etterprøvbare som eksamensdelar slik at det er mogleg å klage på dei andre eksamensdelane.
- Det endelege karaktervedtaket betre speglar nivået til studenten

Vi foreslår derfor eit nytt andre avsnitt til § 9-3 i studieforskrifta, som skal lyde:

§ 9-3.Karakterfastsetjing ved eksamen som har fleire delar

(1) Ved deleksamen tar ein utgangspunkt i talverdiane A=5, B=4, C=3, D=2, E=1. For kvar delkarakterar blir talet multiplisert med teljaren i vektingsbrøken. Produkta blir så summerte og delt på nemnaren (i vektingsbrøken). Dette blir så avrunda etter vanlege reglar.

(2) Fakultetet kan i emneskilddringa vedta unntak frå første avsnitt ved at den endelege karakteren i emnet er basert på ein total poengsum mellom 0 og 100, og kvar eksamensdel har ein på førehand definert maksimal poengsum.

Vedtaking av utsett sensurfrist (§ 9-5)

Hovudregelen for sensurfrist ved universitetet i Bergen er femten virkedagar, i samsvar med universitets- og høgskulelova § 11-7 fjerde avsnitt. Styret ved UiB har i tillegg vedtatt [lengre fristar for masteroppgåver og for hovudoppgåva ved medisin](#) på høvesvis to månader og seks veker.

Styret har også vedtatt ei [eiga forskrift for sensurfristar ved det juridiske fakultetet](#). Forskrifta for juridisk fakultet er mellombels, i tydinga at ho har ein utløpsdato som for tida er 31. desember 2028. Ho har blitt forlenga med jamne mellomrom av styret, og fristen har vore ønskt av juridisk studentutval. Grunngivinga for ordninga er at sensurordninga, med nivåkontroll for å sikre kvaliteten, ikkje er mogleg å gjennomføre med talet sensorar som er tilgjengelege.

Den opphavlege heimelen for forskriftene finst i den no oppheva universitets- og høgskulelova (2005) i § 3-9. Den noverande heimelen for forlenging av sensurfrist er i [universitets- og høgskulelova § 11-7 fjerde avsnitt](#), som lyd:

Sensuren skal foreligge innen 15 virkedager fra eksamen er avlagt, dersom ikke særlige grunner gjør det nødvendig å bruke mer tid. *Institusjonene* kan gi midlertidig forskrift om lengre frist for *enkelte eksamener* dersom det ikke er mulig å skaffe det antallet kvalifiserte sensorer som trengs for å avvikle sensuren innen 15 virkedager. Institusjonene kan gi

forskrift om lengre frist enn 15 virkedager for større skriftlige arbeider. *Institusjonene* kan gi forskrift om lengre frist enn 15 virkedager for større skriftlige arbeider (vår utheving).

Større skriftlege arbeid

Det er utvilsamt heimeleg for å vedta ein eigen frist for masteroppgåver, hovudoppgåva på medisin, og eventuelle andre større skriftlege arbeid, sjå siste setninga i § 11-7 fjerde avsnitt. Etter vårt syn er det ingen god grunn til å ha desse særreglane om sensurfrist i ei eiga forskrift, og vi gjer derfor framlegg om at desse sensurfristane blir lemma inn i studieforskrifta.

Sensormangel

Som lovteksten viser er det framleis høve til å gjere unntak for sensurfristen ved sensormangel. Det er samstundes ein skilnad i den tidlegare og den nye heimelen, gjennom formuleringa om «enkelte eksamener.» Sjølv om formuleringa ikkje eintydig utelukkar eit generelt unntak frå sensurfristen, slik som UiB har for juridisk fakultet, så talar delar av førearbeida til lova likevel for ei slik avgrensing. I førearbeida kommenterer departementet nemleg om føresegna at «Slike forskrifter (...) kan bare gjelde for den aktuelle eksamenen» sjå [Prop. 126 L](#) side 342. Det er med andre ord tvilsamt om UiB har høve til å vedta forlenga sensurfrist som gjeld så breitt som ordninga for juridisk fakultet, og at slike vedtak bør gjerast årleg.

Ein annan skilnad i den nye lova er at det ikkje lenger finst nokon delegasjonssperre for vedtaking av lengre sensurfristar, som i 2005-lova var markert ved at «styret selv» vedtok dette. I den nye lova er myndigheita lagt til «institusjonene», noko som inneber at myndigheita kan delegerast. I studieforskrifta er myndigheita lagt til universitetsdirektøren, sjå [§ 9-5 andre avsnitt](#). Tanken har vore at denne myndigheita skal brukast i tilfelle der sensorar blir sjuke eller liknande.

Den mellombelse forskrifta som gjeld juridisk fakultet har i mykje større grad vore grunnigve *fagleg*, med tilvising til kvaliteten i sensuren. Vi meiner at myndigheita bør ligge hjå eit organ som er nærare dei faglege vurderingane som må gjerast, og som har fast representasjon frå studentane. Etter vårt syn bør avgjersla ligge hjå fakultetet, utan høve til å delegere. Dette er [ordninga som er vald ved Universitetet i Oslo](#).

Forslaget her legg opp til at myndigheita også blir delegert i tilfelle sjukdom. Så kan det problematiserast kor vidt fakultetsstyret er riktig instans, av omsyn til den tilsette. Vi reknar med at fakultetsstyret kan anonymisere saksframlegget eller lukke møtet, og på dette punktet ber vi om innspel.

Vi gjer derfor framlegg om å oppheve dei to forskriftene om sensurfristar:

- [Forskrift om frister for sensur av eksamen ved Det juridiske fakultet ved Universitetet i Bergen](#)
- [Forskrift om sensurfrist for mastergradsoppgaver mv. ved Universitetet i Bergen \(UiB\)](#)

Samstundes foreslår vi å gjere desse endringane i studieforskrifta § 9-5 om sensurfristar:

(1) Vanleg sensurfrist er femten verkedagar etter eksamenen blei avslutta, i samsvar med universitets- og høgskulelova § 11-7 (4).

(2) Sensurfristen for masteroppgåver er to månader frå innleveringa. Sensurfristen for hovudoppgåva i medisinstudiet (MEDOPPG) er seks veker.

(3) Universitetsdirektøren Fakultetet sjølv kan i mellombels forskrift vedta forlenging av sensurfristen dersom særlege grunnar gjer det nødvendig, jf. universitets- og høgskulelova

§ 11-7 (4). Studenten skal få melding om forseinkingar i sensuren og om vedtak om forlenga sensurfrist.

(4) Klagesensur skal handsamast utan ugrunna opphald. På emne med mange sensurklagar har fakultetet høve til å vente med å sende eksamenssvara til klagesensorane til klagefristen har gått ut for å sikre lik handsaming av klagane. Klage på formelle feil som kan få følger for fleire eller alle sensurklagane skal reknast som grunna opphald.

Frist for karaktergrunngeving (§ 9-6)

Universitets- og høgskulelova § 11-8 fjerde avsnitt fastset ein frist for universiteta om å gi grunngeving for karakteren innan to veker, frå det tidspunktet studenten har bedt om det:

Studenten skal få begrunnelse for karakteren innen to uker etter at studenten har bedt om det. Begrunnelsen skal inneholde de generelle prinsippene som er lagt til grunn for sensurvedtaket, og vurderingen av studentens prestasjon.

Denne fristen har ikkje kome med i studieforskrifta til UiB, i motsetnad til dei andre fristane knytt til sensuren. Vi legg derfor fram eit forslag om å legge til ei setning i forskrifta, slik at studieforskrifta § 9-6 andre avsnitt lyd:

(2) Fristen for å be om grunngeving for sensuren er éi veke etter kunngjeringa. **Studenten skal få grunngeving innan to veker frå tidspunktet hen ba om grunngeving.** Fakultetet kan avgjere om grunngevinga skal vere skriftleg eller munnleg, og vedta ordningar for dette. For eksamensformene nemnde i § 7-5 må studenten be om grunngeving straks hen har fått karakteren.

Gjenbruk av studiepoeng i ny grad (§ 10-2)

Studieforskrifta § 10-2 regulerer i kva grad studentane kan «gjenbruke» studiepoeng frå ei tidlegare grad når dei skal få vitnemål for ei ny grad. Den no oppheva godkjenningforskrifta sat eit absolutt tak på kor mange «ubrukte» studiepoeng institusjonane kunne krevje, nemleg 90 studiepoeng.

For integrerte masterprogram (300 studiepoeng) inneber dette at studenten potensielt kan få godkjent ei heil bachelorgrad som del av studia, og altså at hen på fem år med studium kan få éi bachelorgrad og éi femårig integrert mastergrad med vanleg studieprogresjon.

Vår vurdering er at halvparten «ubrukte» studiepoeng er eit godt nivå, og det er bakgrunnen for forslaget om å heve kravet frå 90 til 150 studiepoeng for integrerte (fem-årig) mastergrader.

Forslaget er at studieforskrifta § 10-2 første avsnitt skal lyde:

(1) Dersom delar av grunnlaget for ei grad allereie inngår i tildelt grad, krevst det:

- a) for bachelorgrader minst 90 nye studiepoeng med ny spesialisering,
- b) for integrerte mastergrader minst ~~90~~ **150** nye studiepoeng, inkludert eit nytt masterprosjekt og
- c) for andre mastergrader minst nye 60 studiepoeng, inkludert eit nytt masterprosjekt.

Klausulering av masteroppgåver (§ 10-4)

Styret ved UiB vedtok i 2005 eit regelverk som gjeld innsynsforbod og klausulering av master- og doktorgradsprosjekt. FIA har meldt frå om at for ph.d.-prosjekt så er dette regelverket lemma inn i

ph.d.-forskrifta til UiB. Regelverket inneheld elles reglar som er lovfesta i stor grad, i tillegg å heimle utsett tilgjengeleggjering av prosjekta.

For ordens skuld legg vi til at det her ikkje dreier seg om publisering av masterprosjekt, til dømes i BORA. Slik publisering krev samtykke frå studenten. Klausuleringa får effekt i det tilfellet nokon ber om innsyn frå UiB i masterprosjektet/avhandlinga etter offentleglova. Offentleglova § 26 heimlar unntak frå innsynsretten mellom anna for «svar til eksamen», som masterprosjekt er.

Forslaget går ut på å oppheve regelverket frå 2005 og legge inn dei relevante delane i UiBs studieforskrift, slik at det blir eit nytt femte avsnitt i § 10-4 som skal lyde:

«Masterprosjektet er i utgangspunktet offentleg og ope for innsyn, med dei avgrensingar som følger av forvaltingslova § 13 med vidare, og forskningsetiske omsyn. Masterprosjektet kan likevel haldast tilbake frå offentleg innsyn i maksimalt fem år, etter grunngiven søknad til fakultetet. Universitetet i Bergen skal ikkje inngå avtalar om hemmelegghald som avgrensar studentens rett til sensur.»

Med beste helsing

Christen Soleim
Avdelingsdirektør

Knut Knapskog
rådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen underskrifter.